

Brannen på Vinningland 1850

av
Jørgen Skjæveland

Askjel Olson Vinningland og Malli (Malena) Todleisdt. frå Geitreim budde på Vinningland og hadde desse borna: Torgjær fødd 1825, Ola 1829, Anna (Ane) 1832, Tollei 1836, Kari 1840 og Tønnes i 1844. Malli, mor deira, døydde i 1844, same året som Tønnes vart fødd. Torgjær vart gift opp til Sundvor med Johannes Todleison.

Den 13. desember 1850 brann heimen deira, 5 menneske brann inne og 2 fekk stygge brannsåar. Etter slik uhyggeleg hending vart det sjølvsagt fortalt mange historier og rykte om brannen. I den tida då dei trudde på førebod, varsel om død og ulukker, vart det ventande at dei fortalde varsel-segner frå andre brannar og stadfesta dei til Vinningland.

Ein gjætargut stod nede med åa på Vinningland. Då hørde han det song liksalmen: «O, Menneske, betænke den Dag og den Stund.» (Kingo salmebok nr. 246). Ein som stod og treskte på låven, hørde og det song liksalmer.

Om kvelden stod tenestjenta Anna Ommundsdotter og rørde i grauten, då kom det ein fugl og pikte 5 gonger på glasrutene. Andre fortalde at det kom ein svart fugl og slo sund på glasruter. Dei prøvde å jaga han vekk, men han kom bare att gong på gong og gav seg ikkje før han hadde knust 5 ruter og brest i den sjette. Kvelden etter gjekk døra opp og ein svart neve tøygde inn i stova og rista på ei svartbrent tøyfille, så trekte neven seg ut att og døra gjekk att. Dei hadde og sett ein låge bort på åkeren, men då dei gjekk og ville ta han, var der ingen ting.

Kvelden etter snakka tenestjenta med Per, tenestdrengen, om desse føreboda, og han sa at det kom nok tit å henda noko fælt nå, for i går hørde han det var ein mann som gjekk på veggen og song: «Kom Menneske, betrakte mig -» (Kingo nr. 484), men han kunne ikkje sjå nokon.


Og ein på Apeland hadde sagt at snart skulle den raude hanen gala over Vinningland. Den kvelden sat tenestjenta og spann, og Kari sat og karde ulla for henne. Ho var trøytt og svevnug og slutta kara. Anna sa ho måtte kara meir. Men då sa Kari: «Du syter for å få ei *heil* kake, men du kjem til å måtta greia deg med ei *halv!*» Det var eit førebod om livstida hennar Anna.

Den kvelden kom Mikkjel Person på Ognedal ridande frå Egersund. Og i den tida gjekk kløvjevegen om Sleveland, søra Tengesdal, framom husmannsplassen Ferjo til Vinningland og vidare til Bjerkreim. Det hadde regna heile dagen og Mikkjel var gjennomvåt og fraus så han skalv, så han bestemte seg for å overnatta hjå Askjel Vinningsland. Men då han stopte attmed huset, vart øyken vitskræmt og sette på hoppesprang mot Bjerkreim, og Mikkjel fekk ikkje stansa han før dei var på Kalvamona. Då reid han bare vidare og tenkte å få seg husrom på Bjerkreim. Men då han kom fram, lysna det i lufta og vart opphald, så han reid bare vidare heim til Ognedal.

Så gjekk dei og la seg hjå Askjel Vinningsland. Truleg låg Askjel og Tønnes i daglegstova og dei andre borna og tenerane låg på loftet over daglegstova.

I den tida var det vanleg at folk låg heilt nakne under sengkleda. Midt på natta tok det til å brenna i kjøkkenet og snart stod elden oppetter alle vegger. Nå veit me ikkje heilt koss det verkeleg gjekk for seg, for sagnene om brannen er så ulike. Truleg var det Askjel som sveipte Tønnes i noko klede og sprang ut naken tvers gjennom elden og kasta Tønnes så langt han kunne bort på åkeren, og sjølv vart han gruffullt forbrent. Det vart fortalt at borna på loftet vart kasta ut or sengene, men dei var så svevntunge at dei bare grov seg oppi sengene att.

Og nå brann det så på troppa over kjøkkenet at ingen greidde koma seg ut. Dei som brann inne var dei tre borna Anna, Tollei og Kari, tenestjenta Anna Ommundsdtr. truleg frå Tengesdal, 30 år gamal og Per Torgrimson, 55 år gamal.



Tegning: Jørgen Skjæveland

Me høyrer ingen ting til Ola, den eldste sonen. Men det var ein til, og han greidde koma seg skambrent ut. Var det kanskje Ola? Han reid i tanande sprang til Tengesdal etter hjelp med bare ein kvedel (ullteppe) sveipt om seg. Og me veit at Ola Andersson på søra Tengesdal skunde seg opp til Vinningland og var med og sløkte. Grannefolka strøymde til og prøvde å sløkkja, men snart ramla taket og veggene ned og elden brakte og flamma høgt oppmot den svarte himelen.

Dei hjelpte Askjel inntil grannen og fekk han i seng. Så leitte dei ei stund etter Tønnes i mørkret og fannt han til slut attmed eit steingjerde, men då var den eine foten hans sundbroten.

Så er det litt frå Ognedal. Ut på natta vakna Lars, son åt Mikkjel Ognedal, og vart vare ei raud glane i lufta over Hammaren. Han vekte far sin, og då Mikkjel såg at det var brann, vart han så redd at det var på Hustoft, for han hadde ein bror som budde der. Dei sprang opp på Hammaren, og då såg dei at det ikkje var på Hustoft det brann, det var lenger sør, anten på Versland eller Vinningland.

Askjel låg med store brannsåar. Dei fekk opp doktoren frå Egersund, men til ingen nytte. 9 dagar etter brannen døydde han og, 55 år gamal, og vart gravlagt julaftan.

Grunnen til brannen vart aldri oppklart. Somme meinte det var vonde folk som hadde sett eld på huset, andre trudde det var tenestjenta som hadde gløymt å skara elden før ho la seg. (D. e. å grava oska over elden, så var det liv i glørne om morgonen.) Så hadde det teke fyr i kjøkkenet.

Klokke-Lars, ein omreisande vismann, dikta ei visa om brannen, og i den står det: «Naar Tjenestepigen ei er at lide paa, da maa Husfaderen selver gaa!» Så han visste at det var jenta som hadde skulda.

Så vart Tønnes heilt åleine. Han var då 6 år. Slektingane hans på Geitreim tok han til seg, og der voks han opp. Foten hans grodde til att, men vart skeiv, så han gjekk og halta med kroket fot all sin dag sidan. Han gifte seg med Lisabeth Alette Larsdt. Helland og dei budde ei tid på Vinningland. Men så flytte dei ned til Egersund og dreiv med skinnhandel der. Han var ein livsglad skoiar som dikta dette stevet om seg sjølv: «Her er Vinninglands mod med styttalt'e fot!»

Desse opplysningane om brannen har eg fenge av Martin Hustoft, Per P. Hetland, frå Torgeir Edland: Folk og ætter i Bjerkreim og frå kyrkjeboka for Bjerkreim.

Jørgen Skjæveland

Hentet fra Bjerkreim Bygdablad nr. 4, 1980

Aaland Gård, november 2010
Paul Tengesdal

Per Spødervold skriver (2011):

Jørgen Skjæveland hadde ikkje Bjerkreimboka til å slå opp i. Det er difor nokre manglar i framstillinga over. Jørgen skriv at det ikkje vert fortalt korleis det gjekk med sonen Ole. Men han døydde to år før brannen, bare 19 år gamal. Det kjem heller ikkje fram at Askjel to år før brannen hadde gifta seg med enkja Guri Vermundsdotter frå Hovland i Helleland. Ho vart døypt 24.8.1794, vaks opp på Ramsland og hadde tidlegare vore gift med Trond Adamson Hovland, soneson til bondehovdingen Trond Lauperak. Guri overlevde brannen og dreiv garden vidare, etterkvart saman med sonen Tønnes som og overlevde. Ho flytte sidan til Stavanger og døydde der i 1875. Sjå elles side 78 i Bjerkreimboka!

Sender med bilete av Guri Vermundsdotter, kona som overlevde brannen og dottera Targjer Askildsdotter som var gift til Sundvor året før brannen.

(Mi tippoldemor Targjer opplevde mykje trist. Etter ei tid som gardkone måtte dei gå frå garden på Sundvor og leva som husmannskona på Malmei. Då ho vart gamal vart ho blind. Sonen Anders som kjøpte att Sundvor, døydde i 1906. Andre barn var i Amerika og på Austlandet. Bare dottera Inger budde på Birkeland. Sjølv døydde ho 13. jan 1913, 87,5 år gamal)

BILDER AV FAMILIEN SOM BRANNEN RAMMET



Tarjer Askildsdotter overlevde brannen, men mistet 3 av sine søsken; Anna 18 år; Tollef 14 år og Kari 10 år. Tarjer var nok ikke til stades då det brann i heimen hennes, hun var gift til Sundvor året før.



Guri Vermundsdotter var to år før brannen gift med husbonden Aslak Olsson som da var enkemann. Hun var nok til stades i den nye heimen som brann, men hun var heldig og berget livet.